



Samferdselsdepartementet
V/ Samferdselsminister

Dato: 23.12.2016
Vår ref.: 2016/224-33
Saksbehandlar: mattorg
Dykkar ref.:

Førespurnad om møte med politisk leiing vedrørande situasjonen på Fv7

Bakgrunn – Revisjon av Kvammapakke

Hordaland fylkeskommune har sett i gang eit arbeid med revisjon av Kvammapakken. Det er særleg to utfordringar på Fv7 som Hordaland fylkeskommune ønskjer å ta opp med departementet. For det første er vegen skredutsett, særleg alvorleg er Tokagelet på vegen mellom Norheimsund og Kvamskogen. For det andre er vegen omkjøringsveg for E16/Rv13 på strekninga mellom Trengareid og Granvin når desse er stengt grunna skred og andre hendingar. Fv7 har ikkje god nok kapasitet som omkjøringsveg – spesielt ikkje for tungtrafikk, og er særskilt sårbar for hendingar.

På denne bakgrunn ber Hordaland fylkeskommune og Kvam herad om møte med politisk leiing i departementet for å drøfte korleis ein kan løyse desse problemstillingane.

Tokagelet

Utbetring og sikring av Fv7 mellom Kvam og Trengereid i Bergen er heilt vesentleg for at Kvam herad er attraktiv både for busette og for næringsliv. Hovudutfordringa på denne strekninga er Tokagelet der to skredpunkt står som hhv. nummer 2 og 3 på Statens Vegvesen si liste over skredsikringsbehov på fylkesvegnettet i Hordaland. I september 2013 gikk det eit steinskred i området, der vegen vart heilt stengd i vel ein månad, og det gikk eit år og 3 månader før vegen igjen vart opna for fri ferdsle.

Statens Vegvesen har gjennomført eit forprosjekt for strekninga. Denne tilrår ikkje utbetring av vegen eller forlenging av eksisterande tunneler, då det vil medføre langvarige stengingar – over eitt år er antyda - og vil heller ikkje løyse skredproblematikken fullt ut. SVV tilrår difor at det blir etablert ein ny vegkorridor i tunell rundt Tokagelet. Dei ulike alternativa som er mest aktuelle er kostnadsrekna frå i underkant av 1 mrd kr. til rundt 1,5 mrd kr.

Hordaland fylkeskommune ønskjer å bidra til å sikre denne vegen både ved å bruke skredsikringsmidlar og ved bruk av andre fylkeskommunale vegmidlar. Storleiken på prosjektet tilseier at fylkeskommunen ikkje har moglegheit til å finansiere prosjektet. Delvis bompengefinsansiering vert vurdert ut i frå at ein tunnell kan løyse andre utfordringar i området, samstundes som vi vurderer skredsikring primært som eit statleg ansvar.

Fv7 som omkjøringsveg

Fv7 har ein viktig funksjon som omkjøringsveg for E16 ved ras og andre hendingar på vegen. Ved omkjøring har det vore store problem knytt til avvikling av trafikken særleg på strekninga mellom Øystese og Granvin grunna smal vegbredde og låg standard på vegen. Det er også fleire raspunkt på Fv7 i tillegg til

nemnte Tokagejelet. I 2014 vart E16 stengt 28 gonger, med ei samla stengetid på 13,1 døgn. Tilsvarande tal for 2015 var 43 stengingar med ein samla stengetid på 12,2 døgn.

Med framtidig utbygging av E16 mellom Voss og Bergen, reknar vi med stengingar og redusert framkome grunna anleggsarbeid. Det kan gje store utfordringar for Fv7.

Det er nyleg opna to parsellar på Fv7. Dette gjeld Haukanesberget og Lussandberget som har fjerna to flaskehalsar og skredpunkt på strekninga. Statens Vegvesen har likevel registrert ytterlegare 16 skredpunkt på Fv7 i tillegg til dei to i Tokagejelet, der 4 av dei ligg i kategori høg.

Statens Vegvesen har på oppdrag frå Hordaland fylkeskommune utarbeida eit oversyn over mindre tiltak som kan iverksetjast på kort sikt for å betre på utfordringane knytt til framkommelegerheit og ras. Statens Vegvesen har kome opp med ei liste på 99,8 mill.kr for mindre tiltak som kan gjennomførast i løpet av relativt kort tid, avhengig av nokre mindre planavklaringer -og som vil bidra monaleg til framkome ved vegstengingar. Vi meiner dette er tiltak der staten bør bidra i eit spleislag, då dette er for å sikre vegen som omkjøringsveg.

Konklusjon

Hordaland fylkeskommune har store utfordringar knytt til Fv7, og meiner at eit spleislag med bompengar, rassikringsmidlar, statlege midlar og bompengar vil kunne forsvarast i dette spesielle tilfellet. Delar av dette skuldast manglande framkome på E16, og det er også eit stort behov for skredsikringsmidlar. Vi ber difor om eit møte med departementet for å drøfte mulege speislag for å møte desse utfordringane.

Anne Gine Hestetun
Fylkesordførar

Kopi: Kvam herad

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.